

LEDIG STILLING!

Me har aldri nokon gong i bedrifta si 71-årige historie laga så mange dører som me har gjort i år. Fabrikken går for fulle mugger, men kapasiteten er likevel ikkje stor nok. Me treng difor ein person til i produksjonen.

Litt om kva me ser etter:

- Du treng ikkje vera noko komikar, men du bør stort sett vera glad, for ein surpomp vil me ikkje ha.
- Du treng ikkje vera krinsmeister på 60m, men me vil føretrekka nokon som har fleire gir.
- Me ser ikkje etter ein vektløftar, men du må tole noko fysisk arbeid, som kan inkludere litt løfting.
- Me har eigentleg ingen krav til utdanning, men det er absolutt ingen ulempe om du er snekker eller tømrrar. Ev. anna relevant erfaring vert sjølvstøtt vektlagt.
- Du må vera handy. Ord som drill, sag, fres og hengsle bør ikkje vera heilt ukjente for deg.
- Me ser etter deg som tar initiativ, og som vert motivert av å få ting gjort.
- Du treng ikkje ha studiepoeng innan kommunikasjon, men du må kunne kommunisera bra med dine arbeidskameratar – på norsk. Meinat du noko, så vil me gjerne høyra meininga di.
- Me vil ikkje ha ein rotekopp. Fabrikken skal vera ryddig og oversiktleg.
- Kjekt om du har truckførarappen, men det er ikkje noko krav.
- Du må vera over 18 år.

Oppstart:

Snarast råd, men du er ikkje diskvalifisert sjølv om du har oppseiingstid i din noverande jobb.

Oppgåver:

Me har mange ulike og spanande oppgåver som kan vera aktuelle for deg. Alt frå maling, beslagsmontering, sluttkontroll og pakking, til drift av heile produksjonslinjer og bruk av CNC-maskin.

Me driv både serieproduksjon, og ordreproduksjon. Alle her på bruket har fleire ulike oppgåver, og fleire rullerer mellom ulike stasjonar.

Om bedrifta:

Familiebedrift i full vigør i tredje generasjon. Me er optimistar og ser lyst på framtida. Langsiktige mål skal me nå ved hardt og grundig arbeid over tid. Me jobbar heile tida med forbetringar, både store og små. Me investerer jamt og trutt i nytt utstyr og ny teknologi. Bedrifta er ikkje betre enn dei som jobbar her, så alle på laget vårt er viktige. Du også.

Kva kan me tilby?

- Gode kollegaer i ulik alder, ulik erfaring og ulik bakgrunn. Utan desse, så stoppar alt.
- Innandørs arbeid i temperert klima.
- Offensive tankar om framtida. Vårt mål er at me heile tida skal gjera endringar og investeringar som gjer oss meir konkurransedyktige.
- Ein trygg og stabil arbeidsplass med moglegheiter for utvikling.
- Gode forsikringsordningar
- Timebank
- Lønn etter avtale
- Pensjonsordning

Send din søknad og CV til produksjonsleiar Fredrik på fredrik@rknudsen.no Mob. 406 99 379.

Om du verkeleg vil jobba hjå oss, så vil me gjerne at du møter opp og tar ein prat med Fredrik. Fredrik jobbar ut veke 27, så har han fire veker sommarferie.

Meir om oss på www.dørfabrikk.no og www.facebook.com/knudsendoor